



REFERAT

Frå: Astrid Gjersdal

Sak: Temagruppe for kulturbygging - Nye Volda Kommune - Kommunesamanslåing

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd / Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2018/96	1825/2019	033	KUN/ ASTGJE	04.02.2019

Referat frå møte i temagruppe kulturbygging 31.januar 2019

Møtedato: 31.01.2019	Møtetid frå – til: 16.00-17.30	Stad: Kaffistova, Volda omsorgssenter
Møteleiar: Odd Harald Sundal	Referent: Astrid Gjersdal	
Til stades: Kristine Sofie Orheim Hansen, Anett Mari Bugjerde, Sigurd Tverberg, Odd Harald Sundal, Astrid Gjersdal	Fråvere:	

1. Gjennomgang av referat frå førre møte

Ingen merknadar

2. Ungdomsarrangementet på Rokken

Odd Harald har vore i kontakt med Rokken, og det er sett av dato: fredag 12.april.

Anett Mari har ansvar for representasjon frå Hornindal (2-3 ungdomar) til arrangementskomiteen (utvida Ungdomsråd).

Ungdomsrådet tek ansvar for innhald i arrangementet, og tek kontakt med bookingansvarleg på Rokken.

Arrangementet har ei kostnadsramme på 100 000,-

3. Kulturbyggingsmidlar, søknad frå KFUM/KFUK

Odd Harald har vore i kontakt med KFUM/K v. Rune Aarflot, i samsvar med at nemnda i førre møte vedtok å arbeide fram eit spleiselag om tiltaket.

Vedtak: Det vert løyvt kr 56 800 frå kulturbyggingsmidlane til eit spleiselag med ein samla sum på kr 112 000, der Region Møre og Romsdal går inn med kr 36 000 og Volleyballforbundet kr 20 000.

Det vert føresett at:

- Alle prosjekta som er omtala i søknaden vert gjennomførte
- Kursing med Maria Todorova skal gjelde alle skulane

4. Kulturbyggingsseminar

Marit Neraas Krogsæter frå Møre og Romsdal fylke (fylkeskulturnemnda?) har takka ja til å kome torsdag 14.mars.

I ettertid: Astrid fekk ansvar for å sjekke om samfunnshuset var ledig den dagen, og det er det ikkje. Dermed må arrangementet anten skifte stad eller dato

Astrid har ansvar for å kontakte Austefjord Bygdekvinneleg v. Ingunn Holsvik for å høyre om dei kan ta ansvar for fingermat i lag med Hornindal bygdekvinnelag.

Marknadsføring/innbyding:

- Joakim Rødven vert beden om å ta ansvar for marknadsføring gjennom
 - Fb (Hending til deling og invitasjon)
 - Møre
 - Fjordingen
- Invitere lokalavisene til pressesamling, der alle i nemnda deltek
- Liste over dei som skal få personleg innbyding
- Aktuelle lag og organisasjonar

Nemnda må elles jobbe vidare med utforminga av sjølve «verkstaden» i seminaret, konkret gjennomføring med lappar, flip over-ark og skrivesaker, diskusjonsemne/drøftingsmoment/påstandar, sekretariatsansvar og rapport i etterkant.

Agj